

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 16.09.2018
Vår ref.: 2018/11353-7
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Varsel om oppstart - reguleringsplan for ny barnehage- Lindås kommune

Vi viser til brev datert 27.04.2018 om oppstart av arbeid med detaljregulering for ny barnehage i Lindås kommune. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området i hovudsak er sett av til offentlig føremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vi beklagar at vårt svarbrev kjem noko seint grunna sakshandsamarkapasitet, men viser samtidig til at Hordaland fylkeskommune ved ein feil ikkje fekk tilsendt brevet før 20. juni.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Me vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresse vert omtala, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men delar av den Trondhjemske posveg ligg innafør planområdet.

Den Trondhjemske postveg er eit kulturminne av høg regional- og nasjonal verdi. Postvegen vart etablert på slutten av 1790-åra og vart nytta som hovudveg fram til 1863. Vegfar som seinare blei etablert som postveg strekker seg ofte tilbake til jernalder/mellomalder. Vegfara var stiar og tråkk som blei brukt når folk gikk eller reiste med hest. Vegen utvikla seg vidare frå å vere tråkk til «tjodvegar», med ein viss minimumsbredde. I tilknytning til forhistoriske vegfar blei det ofte etablert gravminne/gravhaugar, i den forbindelse ynskjer me å utføre ei arkeologisk overflateregistrering. Registreringa vil bli utført av to arkeologar og det er satt av ein dag til registreringa.

Vedlagt er kostnadsoverslag for arkeologisk registrering i planområdet. Me har ikkje heimel til å krevja registreringa gjennomført før planen blir lagt ut til offentlig ettersyn, men det vil vera ein fordel for tiltakshavar å klarleggja spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen, jf. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne § 9, jf. § 10, må kostnadene ved registreringa

belastas av tiltakshavar. Dersom det er ynskkelig med ei arkeologisk undersøking på noverande tidspunkt i planprosessen, ber me om at tiltakshavar tek kontakt med saksandsamar, Sigrun Wølstad hjå fylkeskonservatoren.

Me ynskjer også at kommunen innlemmar postvegen i sitt arbeid med kulturminneplanen.

Me syner til Statens vegvesens sine merknader vedkomande postvegen datert 25.05.2018. Me føreset at kommunen etterkommer desse.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturminne og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Vedlegg

- 1 Kostnadsoverslag arkeologisk registrering